



Helene Bjørnebøle ved Dønhaug Gardsbarnehage får ros for branntryggleiken. (Foto. Ola Matti Mathisen)

Dønhaug Gardsbarnehage er relativt nystarta men verkar å ha fått på plass gode rutinar for å ivareta branntryggleiken. Det skriv branningeniør Stein Kyrre Kvinge i ein rapport etter synfaring. Bygget er oversiktleg og har tydeleg merka rømningsvegar.

Det er i det heile gjort mykje bra med tanke på branntryggleiken i bygget. Brannvernleiar Helene Bjørnebøle har vore på kurs og verkar godt informert og motivert. Det er gjennomført øvingar med borna med godt resultat. Det er laga skjema for dokumentasjon av eigenkontrollar og ein er godt i gang med å finna ut korleis ein skal gjennomføra arbeidet i praksis, opplyser Kvinge.

Men han påpeikar eit avvik som handlar om branncelle-vurderinga. Skal ein behalda heile bygget som ei branncelle – i tråd med prosjekteringa – må ein kunna leggja fram dokumentasjon på at det er gjennomført analyser om at denne løysinga er god nok.

Analysene må følgje anerkjende metodar og utførast av nokon som er godkjend for dette.

Saka blir teke opp med byggesakskontoret i kommunen.

Av Ola Matti Mathisen